

Vedlegg til 2008/150-21

Presentasjon av kulturminne langs Tisleifjorden, i reguleringssona eller svært nær

Som det er vist til er det hovudsakleg gjennom to registreringar ein kjenner til kulturminne ved Tisleifjorden. Gjennom registrering for kommunedelplansarbeid for Golsfjellet og gjennom Hallingdalsprosjektet. Golsfjellet generelt er rikt på kulturminne, spesielt frå jernalderen. Her ligg og fleire støslag med lange tradisjonar bak seg. Det har og vore spekulert på om det kan ha vore fast busetnad her oppe i viktigtid. I høve til *Fagleg program for Jernvinna* er det datert ein del anlegg på Golsfjellet i samband med Hallingdalsprosjektet. Anlegga her har dateringar som fell innanfor perioden AD 530-1020, men at dette sannsynlegvis er ei for snever ramme. Tidsspennet må rimelegvis utvidast i begge retningar (Varia78: Larsen 2009). Til saman er det kjent 27 anlegg på Golsfjellet der 11/12 er funne nede i ned-demmingssona til Tisleifjorden. Det er ikkje kjent steinalderlokalitetar verken på Golsfjellet eller nede ved Tisleifjorden, noko som i og for seg bør gje grunnlag for å vidare undersøkingar i dette området. Det må nemnast at det er registrert eit bergkrystallbrot ved Guriset like sør for Tisleifjorden (Id 75324). Brotet skal liggje ved inngangen til ei hule ved foten av ein bratt fjellvegg på nord-austsida av Ørterhøgda. Hola er lett synleg frå stølane på Guriset. Denne hola ligg om lag 1,5 km sør for stranda til Tisleifjorden.

Etter skildring frå Hallingdalsprosjektet sin registrator Ola Ellingsgard, er kulturminna ein fann etter 50-60 års regulering, sterkt raserte av erosjon. Mange tufter og kolgroper er truleg "nedslamma" og vanskeleg å få auga på (Ellingsgard 1991).

Registreringar gjennom Hallingdalsprosjektet 1991:

Askeladden Id	Hallingdals-prosjekt nr.	Art	Kortfatta skildring (utdrag frå Askeladden)
29762	G053	Jernvinne/ kolgrop	Slaggførekost med kolgrop(-er). Området med slaggstrekk seg 85 m langs den nye strandlinja. Renneslagg og størkneslagg med raudbrend leire. Ettersom slaggområdet er sopass langt, ligg det nær å tru at det gøymer seg meir enn ein omni inne på land – under torva.
29763	G054	Jernvinne	Blesterplass. 24 m mot NA, ut frå øvre (kunstige) strandkant, i reguleringssona. Slaggområdet syner godt, blå-grått og markert i det lysare, utvaska lendet av sand og stein. I sentrum av slagghvarpet står nokre heller halvvegs på kant, og her er truleg rester etter omnen. Omkring dette punktet er ubestemmelege formasjonar av heller, som likevel ein gong må ha vore lagt av folk. Det finst både renneslagg og størkneslagg, og raudbrend leire.
49813	G055	Jernvinne	Slaggførekost. I reguleringssona, ute på NV-sida av ein tange, ca 150 m 372 g frå G54, 25 m frå naturleg strandkant. Område med spreidde slagglumpar, betydeleg større enn i G54. Lendet her er nærst urd, sterkt utvaska, truleg pga bølgiene frå NV. Lokaliteten er soleis sterkt rasert, og det mindre materialet er vel skylt ned i vatnet.
77921	G056	Jernvinne	Slaggførekost. Slagghvarpet er relativt lite, ovalt 3,5 x 4,5 m, og ligg i ei låg A-V-gåande drag. 31 m 26 g frå båtnaust, vel 60 m frå opphavleg strandkant i NA. Svært små slaggbitar som i G54. Ikkje spor etter omni.
49814	G058	Jernvinne/ tuft	Tuft med slagghvarp. Lokaliteten ligg i ei austhelling, ca 18 m frå naturleg strandkant, på austsida. Tufta er markert mot ASA (litt oppbygd), elles diffus. Mål: VNV-ASA ca 5,3 m, NNA-SSV ca 4 m. Tydeleg kolflekkear i tufta. Også littkol på V-sida - utvendig. Slagg med raudbrend leire inne i tufta, og elles spreidd rundt omkring. Mest slagg ca. 9 m nedover mot vatnet, mot SA. Små slaggbitar, som i G54 og G56. I SA-re kant av slagghvarpet, lengst nedi bakken syner ei grop, ca 2 x 1,5 m.
10395	G060	Jernvinne	Slaggførekost. 15 m ut frå strandkanten ved høgvatn, omkring 150 m NV for båtnaust. Lite slagghvarp, ca 8 x 10 m. Små slaggbitar. Størkneslagg og litt renneslagg. Raudbrend leire.
39759	G061	Jernvinne	Slaggførekost. Like ved den opphavlege strandlinja. Område omkring 13 x 7 m. Størkneslagg + litt renneslagg og raudbrend leire. Mykje stein - som ei flat røys - rundt der det er mest raude leirbitar. Ingen store slagglumpar som syner i dag.
75331	G063	Busetjing- aktivitets- område/ "Jernvinne"	Slaggførekost med hustuft. 50 m ut frå øvre strandkant, 14 - 15 m frå naturleg strandkant i N. På flat haug. Slaggområde 30 x 26 m. Vesentleg størkneslagg. Tuft. Det syner i dag ei svak teikning av murar (fundament) etter ei rektangulær tuft, retning A-V, med sand inni. Trass i usikre haldepunkt er det vanskeleg å sjå dette som forma av naturen. Eit forsøk på å ta mål syner: 7,5 - 8,0 x 3,5 - 4,0 m. Blesteromn. 3 m N for NV-re hjørna av nemnde tuft syner tydeleg plassen for omnen, i form av ei slaggekake, flat oppå, i høgde med bakken, og delvis kantar som stikk litt høgare. Mål: 55 - 65 cm i diameter. Vonleg syner dette på vedlagt fargefoto.
49353	G064	Jernvinne	Slaggførekost. Omkring 20 m ut for strandline ved høgvatn. Slagghvarp ca 18 x 18 m. Størkneslagg, og litt renneslagg. Ingen store klumpar.

62633	G066	Jernvinne	Slaggførekost. 78 g, 50-55 m frå den vesle holmen ved fangstanlegget på G65. Slaggområde på omkring 20 x 10 m. Det ser ut til å vera 2 konsentrasjonar innan området. Størkneslagg og raudbrend leire.
10398	G067	Jernvinne	Slaggførekost. Slaggområde, med størkneslagg. Utpå ein bakke, 50 m ut frå høgaste strandline, 15 m inn frå naturleg strandline.
77922	G068	Jernvinne	Slaggførekost. Slaggområde, på austkanten av ein haug, omkring 14 m frå naturleg strandline - i aust. Størkneslagg, opp til 25 cm store klumpar. NB! Mellom blesterplassen og bekkjeosen (Løgga) er det funne ein pilespiss, sterkt rusta, avbroten, men med tydeleg buffer ved tangen.
62632	G057	Kolgrop	Kolgrop. Gropa ligg på ein holme som blir til ved høgaste vasstand. Før oppdemminga var det fastland her. Kolgropa er registrert med tanke på at spørsmålet om slike kjem opp i samband med dei mange blesterplassane i området. Truleg er mange kolgroper nedslamma i reguleringssona, medan slaggharpa syner. Gropa ligg 10 m frå strandkanten i NA, ved høgvatn. Mål: Midt i vollen på begge sider, 3,3 m. Djup 75 cm. Teikn på graving i midten. Kol i botnen.
10397	G065	Fangstlokalitet	Fangstanlegg. Leiegjerde av stein, med passasje mellom stenger av inngangen frå N, til ein liten botn. Sjå skisse på kartvedlegg til G64. Det er ikkje noko overtydande spor etter fangstgrav, men denne ville i tilfelle vera godt attfylt i nyare tid, for å sikre beitedyr. Det heile liknar på anlegga for reinfangst i høgfjellet. Særleg når det gjeld dei låge leiegjerda av stein (frå 20 - 30 cm høge). Sjå elles skisse og foto.

Gjennom Kommunedelplan for Golsfjellet:

Askeladden Id	Art	I eller like ved regulerings-sona	Kortfatta skildring (utdrag frå Askeladden); Rapport kan ettersendast ved behov
89085	Fangstgroper	Delvis under HRV	3 fangstgroper for elg, der grop 1 og 2 sannsynligvis er blitt gjenbrukt som kolgroper, da det ble påvist kolrestar i dei.
90395	Kolgrop	Like over HRV	? manglar skildring
90406	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005.
90408	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005.
90409	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005.
90410	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005.
90411	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005.
90412, 1-2-3	Kolgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005. Frå rapporten – R34, R35, R36
90405, 1-2	Kolgroper	Like over HRV	Manglar geometri; Berre kartfesta i rapporten frå 2005. Frå rapporten – R30 og R33
90403	Fangstgrop	Like over HRV	Manglar geometri; Beskrivelse: Fangstgrop Tange med vik i vest. Åpen furuskog, med innslag av bjørk og gran. Sirkulær voll i syd, øst og nord. Antydning til kasse i bunn. Mye stein, så gropa er mulig gjenfylt. Mål: Ytre: 5,5m Indre: 3,5m Dybde: 0,55m

Presentasjon av kulturminne langs Storevatn

Kring strandsona av Storevatn i Hemsedal er det per i dag ikkje kjent automatisk freda kulturminne. Ein kjenner derimot til ein del kulturminne kring Markegardslia nord for vatnet, samt eit enkeltminne i form av ei jernvinne i sør, ved Blomeslettene (Id 61685). I Markegardslia er det kjent ein del jernvinner og kolgroper både gjennom ei større registrering i 2007 i samband med kommunedelplan for Markegardslia- Lykkja, men og ein del registreingar som vart gjort i samband med Hallingdalsprosjektet. På bakgrunn av dei registreringane som har vore kring Markegardslia kjenner ein per i dag til 13 jernvinneanlegg og 75 kolgroper. Ingen av desse kulturminna ligg nærare enn over 400-500 meter nord for Storevatn. Markegardslia og Lykkja er derimot områder det har vore drive gamal setring lenge. Det er sannsynleg at det ligg mange fleire kulturminne i omlandet kring, også nærare vatnet. Det må og nemnast at det den dag i dag er fast busetnad ved Lykkja (som ligg lengst aust på nordsida av Tisleifjorden).

Kol frå ei jernvinne som er registrert nedanfor Jonsstølane (Id 42860) i Markegardslia, er datert til 600-677 AD, merovingartid. Denne Jernvinna er registrert gjennom Hallingdalsprosjektet (He014).

Lausfunn i nærområda

Av lausfunn kan ein kort nemne 3 stader vest og sør for Storevatn. Ved Grøtestølane er det funne eit stykke av ein skiferspiss (Id 08539), ved Helgetjerne er det med metalløskar i 2006 funne ei spenne av jern saman med ein nøkkel (Id102788, C55338a-b), og ved eit vatn som ligg 3 km sør for Storevatn er det funne ein stokkebåt (Id 52035) som i dag ligg utstilt på

Hemsedal bygdetun. Stokkebåten kan moglegvis vera frå mellomalder (datert mellom 1280-1610). Det skal og vera funne ei øks (såkalla tyddnæ) ved nydyrkingsarbeid nord for Lykkja. Denne kan vera frå mellomalder – det lykkast ikkje å finne C-nr frå museumsmagasinet på denne.